

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Haugesund 31.03.2022

## **Innspel til Nasjonal helse- og sjukehusplan 2024-2027**

Vi viser til brev datert 21.09.2021 med invitasjon til å komme med innspel til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027.

### FOUSAM

Helsefellesskapet i Helse Fonna er ei vidareføring av tidlegare samhandlingsstruktur mellom kommunar og helseføretak. I tillegg til samhandlingsfora på tre nivå, har vi sidan 2014 hatt ei felles forskings- og utviklingseining, FOUSAM. Det at vi frå før hadde ei felles eining med etablert finansieringsordning, var ein fordel ved etablering av helsefellesskapet. I forhold til helsefellesskapet bidreg FOUSAM mellom anna med koordinatorar i dei faglege samarbeidsutvala (FSU-ane), oppdatering av felles nettsider, felles kompetansehevingstiltak og med kompetanse på fasilitering og prosjektleiing for felles satsingar og prosjekt.

### Helseleiarnettverket

Helseleiarnettverket var også etablert før dei nasjonale føringane knytt til etablering av helsefellesskap kom. Helseleiarnettverket er ein felles møtearena for kommunale helse- og omsorgsleiarar i Helse Fonna regionen, eit sentralt fora for å skape konsensus og forankring av felles saker. Nettverket førebur mellom anna saker som skal opp i Strategisk samarbeidsutval (SSU), noko som har ført til at det er lettare for dei kommunale representantane i SSU å uttale seg på vegne av alle kommunane. Denne løysinga har letta arbeidet i SSU ved at ein kan unngå fleire rundar i saker der det er viktig at alle kommunane får høve til å komme med innspel.

Helseleiarnettverket har invitert KS og Statsforvaltar inn i møteforumet og erfarer at det er ein fordel å ha desse aktørane med frå to fylker.

### Interkommunal samhandlingskoordinator

I interkommunal samhandlingskoordinator har sekretariatsfunksjon for Helseleiarnettverket og er medlem i SSU. Helseleiarnettverket og føretaket byter annan kvart år på å ha ansvar for sekretariatsfunksjon for SSU. Interkommunal samhandlingskoordinator har nært samarbeid med samhandlingseininga i Helse Fonna og bidreg i felles samhandlingstiltak på vegne av kommunane. Funksjonen som interkommunal samhandlingskoordinator har vore

sentral i arbeidet med etablering av helsefellesskapet og vore eit viktig bidrag til å skape likeverd mellom samhandlingspartane.

### Informasjon

Kommunane har ved fleire høve opplevd at dei ikkje mottek den same informasjonen frå nasjonale myndigheiter som det føretaket gjer. Dette gjeld informasjon knytt til helsefellesskap og til andre nasjonale føringar. Same informasjon på same tid vil vere viktig for det vidare arbeidet. Nasjonalt vert det forventa at informasjon skal komme til kommunane gjennom KS, men dette har ikkje fungert optimalt. Interkommunal samhandlingskoordinator er det naturlege felles kontaktpunktet for kommunane og bør i større grad nyttast ved distribusjon av informasjon frå sentrale myndigheiter.


### Felles forståing og felles planlegg og utvikling av tenestene

Vi har gjort oss gode erfaringar i etableringa av Helsefellesskapet i Helse Fonna, og vi har vidareutvikla ein struktur og arenaer som vi meiner er gode for samhandlinga framover. Vi har komme godt i gang til tross for ein pandemisituasjon som har ført til at andre oppgåver har måtta prioriterast. Det bør likevel nemnast at perioden med pandemi har styrka samarbeid og samhandling gjennom hyppige møter og tett kontakt. Kommunar og helseføretak har komme nærmare kvarande, men har framleis ein veg å gå for å få meir forståing for og kunnskap om kvarandre sine oppgåver og roller og lik forståing av felles avtaleverk. FSU-ane vil vere ein god arena for å planlegge og utvikle felles tenester for ulike pasientgrupper.

Eit godt eksempel på tenester som blir vidareutvikla i fellesskap er Barn og unges helseteneste. Oppretting av FSU barn og unge sikrar at denne satsinga når ut til heile regionen og at ressurspersonar frå både kommune og helseføretak er med på å forankre arbeidet.

Venleg helsing

Helsefellesskapet i Helse Fonna



Marianne H Wennersberg  
SSU-koordinator

Reidun Rasmussen Mjør  
Nestleiar i SSU

for Anne Lise Naasen  
Leiar i SSU